



## Høgskulen på Vestlandet – innspel til profesjonsmeldinga

Høgskulen på Vestlandet gir med dette innspel til arbeidet med profesjonsmeldinga. Innspela følger spørsmåla frå Kunnskapsdepartementet.

### Generelt

1. *I teksten over har vi trekt opp ein del utfordringar for profesjonsutdanningane. Er de samde i at dette er sentrale utfordringar? Kva vil de eventuelt trekkje fram for å supplere eller korrigere dette utfordringsbiletet?*

Generelle og overordna innspel :

- Det er sentrale utfordringar som er trekt fram i innspelsnotatet
- Autonomi og styring. Det er fleire UH-institusjonar som har ei stor hovudvekt av utdanningar innanfor profesjonsutdanningar – autonomi i høve til styring og fagleg utvikling i profesjonsutdanningane må derfor også sjåast i lys av styring av heile institusjonen
- Definisjon på profesjonsutdanning, avgrensing og kvifor denne avgrensinga må klargjerast i meldinga
- Utviklinga i profesjonsstudia må vera med som eit grunnlag for meldinga – kor har vi vore (historisk), kor står vi, kor vil vi ?
- Profesjonsutdanningar – akademia og yrkesutdanningar.  
Innspelsnotatet ber til dels preg av at ein omtalar yrkesutdanningar. Kva vyer og utvikling vil vi ha for profesjonsutdanningane i høgare utdanning? Meldinga må vera utviklingsorientert og framtidsretta.

Ein viktig del av utfordringsbiletet er om profesjonsutdanningane i Norge, og særleg innan helse- og sosialfag har tilstrekkelege vilkår til å ivareta den akademiske delen av kompetanseløpet, slik gjeldande krav i kvalifikasjonsrammeverket tilseier.

Profesjonsmeldinga bør adressere utfordringsbiletet relatert til etterleving av den teoretiske og akademiske kompetansen i kvalifikasjonsrammeverket, på alle nivå.

Vilkåra for å oppnå dei akademiske kvalifikasjonane blir marginalisert når praksis blir

tillagt for mykje vekt.

- Det er viktig at profesjonsmeldinga drøftar og gjer ei nødvendig arbeidsdeling og rolleavklaring i utdanningssystemet mellom yrkesfagleg høgare utdanning og høgare (profesjons-) utdanning, jfr. mellom anna NOKUT-rapport 4/2023. Dette er ei sentral problemstilling for studentar, arbeidsliv og for utdanningstilbydarar i den vidare utviklinga av profesjonsstudia. Profesjonsutdanning innan for eksempel ingeniørfag ivaretek både det akademiske og forskingsintensive kombinert med det praksisnære, utdanningsorienterte og arbeidslivsrelevante. Dette er ein eigenart som bør styrkast og synleggjerast endå betre. Korleis ingeniørtittelen kan nyttast bør vurderast.
- Utdanningane som er omtala i meldinga må differensierast i ein del sentrale problemstillingar :
  - autonomi/handlingsrom i forhold til nasjonal styring har ulike problemstillingar i høve til dei ulike profesjonsutdanningane
- Med utgangspunkt i det demografiske bilete som er teikna i Utsynsmeldinga, HK-dir sitt arbeid med dimensjonering av utdanningar og den realiteten ein ser i høve til studentrekruttering, så må profesjonsmeldinga gå djupt inn i tiltak der studentrekruttering ikkje samsvarar med utdanningskapasitet og samfunnet sitt kompetansebehov. Dette er nasjonalt utfordrande kompetansemessig, og ressursmessig utfordrande for den enkelte institusjon – og spesielt institusjonar som har sin hovedaktivitet knytt til profesjonsutdanningane.

Profesjonsutdanningane er ressursmessig krevjande med behov for tett samarbeid med arbeidslivet, kompetanse frå profesjonane/arbeidslivet, akademisk/forskarkompetanse, oppfølging i praksis, infrastruktur til utdanning og forskning. Med lågare rekruttering til fleire profesjonsutdanningar er dette spesielt krevjande for fleircampusinstitusjonar som har kostnadskrevjande profesjonsstudium med låge studenttal. Denne kostnaden må relaterast til målet om desentralisert utdanningstilbod og behov for ein fagleg beredskap.

Profesjonsmeldinga bør inneha ein strategi for ekstra finansiering til fleircampusinstitusjonar.
- I både utfordringsbiletet som er teikna opp, og i spørsmåla som er stilt, er det internasjonale perspektivet fråverande. I Meld.St.7 (2020-2021) vert det stadfesta at det er låg studentmobilitet i fleire av dei rammeplanstyrte utdanningane.

Internasjonalisering kan ha ei viktig rolle i både praksis og utvikling av generisk kompetanse. Streng rammeplanstyring er eit hinder. Internasjonal praksis er ikkje berre knytt til profesjonsutdanningar innan helse og utdanning, men også til

ingeniørutdanningane. Praksis/praktikantperiodar i utlandet kan nyttast som eit verktøy for å utvikle samarbeid med det regionale arbeidslivet og deira nettverk i andre land.

- Profesjonsmeldinga må vera tydeleg på norsk språk si rolle i utdanningane og samfunnet sitt kompetansebehov, og at dette er ein del av utdanningsinstitusjonane sitt samfunnsoppdrag. Norsk fagspråk er viktig og vurderingar/tiltak i handlingsplan for norsk språkpolitikk må vera del av den samla vurderinga av utviklinga av profesjonsutdanningane.
- Profesjonskompetanse og forskingskompetanse kan vera vanskeleg å sameine. På grunn av krav til førstekompetanse blir rekruttering frå arbeidslivet vanskelegare å prioritere. I tillegg har dei med profesjonskompetansen ofte ikkje den pedagogiske kompetansen (ofte med unntak av lærarutdanninga).

## 2. *Korleis kan universitet og høgskular utvikle utdanningane i tråd med framtidige kompetansebehov og samfunnsendingane vi trekk opp?*

Innspel :

- Stramme reguleringar i rammeplanar og retningslinjer (i fleire profesjonsutdanningar) er til hinder for å utvikle studia etter kompetansebehov og samfunnsendingar, institusjonane må bli gitt større autonomi. Endringar i nasjonale rammeplanar og retningslinjer er for tunge prosessar.
- Det må bli auka fokus på forskning som ligg til grunn for profesjonsutdanningane – for eksempel tildelingar gjennom NFR
- Institusjonane må vera i front i den teknologiske og digitale utviklinga som igjen kan nyttast som pedagogiske- og profesjonsretta verktøy.
- Det er viktig med gode strukturar i arbeidslivet for å etablere hensiktsmessige og effektive samarbeid om kompetanseutvikling.
- Sjå også våre innspel til punkt 1.

## **Kvalitet**

### 3. *Sikrar krava vi stiller til fagmiljø gjennom lov og forskrift kvalitet og relevans i profesjonsutdanningane, eller er dei til hinder for t.d. praksisretta utdanningar?*

- Generelt for fagmiljø knytt til profesjonsutdanningane er det utfordrande å balansere mellom akademisk kompetanse og praksiserfaring.

- Behov for å klargjere stillingsstruktur og kompetanseløp i høgare utdanning i meldinga
- Behov for struktur for kombinerte stillingar – ulikt lønnsnivå eit hinder
- Lønssystemet i staten er eit hinder for å rekruttere fagtilsette med praksiserfaring (og formell praksiskompetanse gjennom maritime sertifikat for nautikk sin del). Lønssystemet premierer formell utdannings- og forskingskompetanse.

4. *Kva barrierar finst når det gjeld å tilsetje personar med fersk erfaring frå yrkesfeltet anten i delte eller heile faglege stillingar i profesjonsutdanningane? Kva kan byggje ned desse barrierane?*

- Struktur for kombinerte stillingar
- Lønnsnivå generelt, og også uttelling i statens lønssystem for andre kvalifikasjonar enn akademisk kompetanse
- Manglande pedagogisk kompetanse
- Kva med 'Teach after'-kampanje ? dvs. slutte arbeidskarrieren i akademia

5. *Er det utfordringar med å rekruttere personar med førstekompetanse til utdanningane og i tilfelle kvifor?*

- Dette varierer mellom fagområda.
- Der førstekompetansen finns er ofte lønnsnivå ei barriere. Dette gjeld for eksempel innan ingeniøruddanningane der næringslivet har eit langt høgare lønnsnivå.
- Profesjonsutdanningar med kort akademisk historie har store problem med å rekruttere førstekompetanse
- Rekruttering av førstekompetanse har også ein geografisk dimensjon, noko ein ser tydeleg ved fleircampusinstitusjonar

6. *Kva skal til for å bygge sterke forskingsmiljø i profesjonsutdanningane. Kva er barrierane?*

Det er ei utfordring å rekruttere, utvikle og behalde tilsette med både praksisnær og akademisk kompetanse på høgt nivå innan dei ulike profesjonane. Auka fokus på nasjonale tiltak og incentiv som sikrar utdanningsinstitusjonane tilstrekkeleg kvalifiserte vitenskapleg tilsette som kan

sikre framtidig utdanning innan profesjonane

7. *Korleis kan koplinga mellom forskning og undervisning innan profesjonsfag bli betre?*

- Større institusjonell fridom til å forme innhaldet i profesjonsfaga vil opne opp på ein langt betre måte koplinga mellom forskning og undervisning.
- Viktig at forskere og praktikere er tett på kvarandre og at forskerne involverer de ansatte med profesjonskompetanse i sitt arbeid.

8. *Korleis påverkar rammeplanane kvalitet og gjennomføring i profesjonsutdanningane?*

- I profesjonsmeldinga er det viktig å få fram kva handlingsrom som ligg til institusjonane innanfor dei nasjonale rammeplanar og retningslinjer, og ikkje minst det internasjonale direktiva.
- I helse- og sosialfagutdanningane er det viktig å bygge vidare utvikling i profesjonsutdanningane på evalueringa av RETHOS, og det bør også gjerast evalueringar av dei nasjonale eksamensordningane.
- Rammeplanane sine detaljrikdomar fører til at implementeringa på den enkelte profesjonsutdanning kan bli instrumentell. Det er så mange innhaldsmoment kopla på ulike krav til progresjon, samhandling, osv. Det fører til at eigarskapen vitskapleg tilsette har til dei lokale program- og emneplanane blir svekka.
- Maritim profesjonsutdanning er ikkje underlagt rammeplan, men nasjonalt og internasjonalt regelverk. Viktig at det ikkje blir etablert rammeplanar i tillegg til allereie eksisterande regelverk

9. *Kva bidreg rammeplanane for ingeniørutdanningane med, og er det framleis behov for rammeplanar for ingeniørutdanningane? Dersom det er behov for rammeplanar, er det noko som bør endrast i dagens rammeplan for ingeniørutdanningane?*

- Rammeplanane sikrar kvalitet i profesjonsutdanningane og ein felles forståing om kompetansen ein ingeniør har. Det er framleis behov for rammeplan for ingeniørutdanning. Om det er noko som kan endrast så er det mindre detaljstyring i retningslinjene til rammeplanen. Men vi ser også at denne detaljstyringa, innan til dømes realfaga, gjer det enklare for studentar som vel å søke overgang til ein anna lærestad (nasjonal mobilitet).
- Gode retningslinjer, til dømes som dei for sivilingeniørutdanning, er med på å sikre praksisnære profesjonsstudium med tett kontakt til relevant nærings- og arbeidsliv, eit sivilingeniørstudium skal ikkje berre vere ein marknadstilpassing for økt rekruttering.

10. *Korleis fungerer samarbeidet mellom arbeidsliv og utdanning? Kva skal til for å få til Høgskulen på Vestlandet*

*godt samarbeid og kva barrierar finst det?*

- Generelt har HVL eit godt og tett samarbeid med arbeidslivet
- Barrierane er ofte knytt til strukturane. UH-institusjonane skal samarbeide med arbeidslivet på ulike forvaltningsnivå, ulike former for nettverk, samarbeidskonstellasjonar osv.
- Må bruke tid, ressursar, vera tilstade på relevante arenaer, ha ei felles interesse
- Det er også stort behov for å avklare samarbeidet mellom KD og dei departementa som har særlege interesser knytt til helse- og sosialfaglege utdanningar, som helse- og omsorgsdepartementet (HOD) og barne- og familiedepartementet, og arbeids- og inkluderingsdepartementet. Eksempel: [Helseforetak setter foten ned for nytt masteropptak \(khrono.no\)](https://www.khrono.no/masteropptak)

11. *Korleis fungerer dialogen mellom universitet og høgskular og arbeidsliv/samfunn, og er det tiltak som kan bidra til god dialog om kvalitet og relevans i utdanningane.*

Jfr spørsmål 10

## **Kapasitet**

12. *I Utsynsmeldinga blir det fast slått at dimensjoneringa av utdanningssystemet skal bli meir i tråd med behovet i samfunnet. Det skal skje mellom anna gjennom at UH-sektoren prioriterer å auke talet på studieplassar innanfor område som er etterspurde av arbeidslivet og av dei utdanningssøkjande, og som er særleg viktige for Noreg:*

*IKT, helse og utdanning som er nødvendig for det grønne skiftet. Korleis kan institusjonane arbeide for å sikre tilstrekkeleg kapasitet i profesjonsutdanningane?*

- Det største dilemmaet er at studentrekrutteringa ikkje er samanfallande med utdanningskapasiteten og samfunnet sitt behov. Kva fagleg beredskap skal institusjonane, og korleis skal dette finansierast? Spesielt oppbygging av fagmiljø tek tid, noko som talar for å ha ein beredskap så lenge som mogleg (sjølv med sviktande rekruttering).
- Fleircampusinstitusjonar med same profesjonsutdanning på fleire campus får ei ekstra utfordring i dimensjonering. Ei utdanning kan ut frå rekruttering bli samla på ein campus, men dette er ikkje i tråd med mål om utdanning over heile landet.
- Nasjonal styring gjennom fagspesifikke studieplassar er også til hinder for å gjera omprioriteringar ved ein utdanningsinstitusjon mellom fagområde. Meldinga kan med fordel omtale handlingsrommet til utdanningsinstitusjonane.

13. *Har de døme på god dialog mellom universitet og høgskular og arbeidsliv for å sikre at kapasiteten er i tråd med behovet i arbeidslivet?*

HVL har fleire døme på tett dialog med arbeidslivet som har ført til oppstart av utdanningsprogram. Utfordringa er å få tilstrekkeleg søkjarar til desse programma over tid. Vi har fleire eksempel på at det blir oppretta tilbod, og lagt ned etter ganske kort tid pga. manglande rekruttering.

14. *Korleis kan vi utnytte utdanningskapasiteten, og særleg ledig utdanningskapasitet, best mogleg?*

Generelt vil svaret vera etter- og vidareutdanningstilbod, men her kan det vera ulike type hinder.

15. *Kva er barrierane for å få til fleksibel og desentralisert utdanning?*

- Desentraliserte utdanningar har ofte for få studentar til at det er økonomisk og fagleg berekraftig (lite læringsmiljø og krevjande å rekruttere vitenskapleg tilsette i første- og toppstilling til distrikt)
- Opptaksgrunnlag til for eksempel 1-2 kull
- Utfordrande i høve til fagmiljø med få kull, ikkje årlege opptak hindrar studentar i progresjon ved for eksempel stryk
- Særskilte karakterkrav reduserer opptaksgrunnlaget
- HKdir-midlar er kortsiktig/lite forutsigbart

16. *Har de gode døme på fleksible og desentraliserte utdanningstilbod i profesjonsutdanningar?*

- Lærarutdanning (samlingsbasert)
- Barnehagelærarutdanning (arbeidsplassbasert)
- Sjukepleie (desentral/deltid)
- Vernepleie (deltid)
- Ingeniørutdanning (deltid)
- Maritime management (fleksibel deltidsutdanning)

- Mange tilbod knytt til etter- og vidareutdanningar (ulike fleksible modellar)
- Forkurs, realfagkurs (nett og samlingsbasert)
- Ulike tilbod fungerer

17. *Kva må til for at fleire unge skal velje profesjonsutdanningar det er stor etterspurnad etter i arbeidslivet?*

- Tydeleg informasjon og rådgiving i (barne-), ungdomskule og vidaregåande skule om yrker, mangfald i yrkesliv, og for eksempel val av nødvendig realfagsfordjuping
- Realfagsstrategi, evt. andre strategiar/satsingar
- Samlingsbaserte deltidsutdanningar (har god rekruttering)
- Offentleg omtale/offentleg ordskifte
- Kvaliteten på utdanninga slik den kjem fram for eksempel i Studiebarometeret
- Lønn, status, arbeidsvilkår
- Oppretthalde opptaksvegane forkurs og realfagskurs
- Synleggjera studietilbod som har stor etterspurnad
- Stipendordningar
- Nok studieplassar
- Sikre god overgang frå utdanning til arbeidsliv

18. *Korleis kan vi mobilisere vaksne som har familie og økonomiske forpliktingar til å ta ei profesjonsutdanning?*

- Opptakskrava må justerast - jamfør opptaksutvalet si utgreiing
- Sikre god finansiering av desentraliserte studietilbod
- Stipendordningar

19. *Bør fleire av profesjonsutdanningane organisere arbeidsplassbaserte utdanningar, y-vegar, tresemesterordning eller forkurs?*

- Arbeidsplassbaserte utdanningar som til dømes industrimaster krev mykje ressursar pr studieplass. Om ein skal få til ein breiare satsing på dette er det naudsynt med ekstra finansiering i tillegg til at nærings-/arbeidslivet forpliktar seg til å ta imot og løne studentar.
- Å opprette y-veg er ingen snarveg for å auke tal studentar, men kan vere eit godt Høgskulen på Vestlandet



supplement om det er godt samarbeid om y-vegen med avtakar og ei stor nok gruppe med relevant fagbrev som ønsker å ta høgare utdanning i regionen. God overgang mellom fagskole og høgare utdanning.

- Tresemesterordning inneber at studentane må ta ekstra fag i tillegg til vanleg studieprogresjon. Erfaringa er at denne studentgruppa slit med progresjon.
- Forkurs og realfagskurs har vi gode erfaringar med

20. *Er C-krav til opptak til masterutdanning til hinder for å vidareutdanne helsepersonell med erfaring frå arbeidslivet?*

C-krav på bacheloroppgåva er utfordrande. Mange har opparbeida seg erfaring gjennom arbeid før dei går vidare til master. Vi har også studentar som i etterkant av bachelorgraden har gjennomført vidareutdanning med ei positiv fagleg utvikling. Fleirspråklege studentar har ofte ein positiv språkutvikling gjennom arbeidslivet, gjennomfører vidareutdanning med gode karakterar, men blir forhindra frå opptak til master når karakter frå bachelor er opptakskrav.

21. *Bruker institusjonane høvet til å sikre lokal rekruttering ved bruk av kvotar i opptaket til vidareutdanning i helsefag? Kvifor/kvifor ikkje?*

Høgskulen på Vestlandet har brukt kvoter i opptak til ABIO og jordmor i 2023. Dette kan styre opptak i høve til lokale kompetansebehov.

## Praksis

22. *Korleis kan alle partar leggje til rette for at fleire får praksisen dei treng?*

Arbeidslivsrelevans handlar både om å kunne tilby utdanningar i samsvar med regionale og nasjonale behov, at kandidatane skal ha en relevant sluttkompetanse, og innanfor helse- og sosialfag ein felles forståing mellom UH og helse og omsorgssektoren for fagfelte sine behov for forskning og innovasjon. Samarbeidsstrukturen og ansvaret er delvis regulert gjennom RETHOS og Instruks frå HOD, for eksempel gjennom samarbeidsorgan for utdanning og forskning i helseforetaka. Det kan likevel vera hensiktsmessig å utgreie moglegheita for eit meir omfattande og gjensidig forpliktande samarbeidsansvar, som gir betre vilkår for å ivareta alle dei samarbeidsområda som er beskreve. Dette må også omfatte kommunal sektor.

23. *Lærestadane og arbeidslivet er avgjerande for kvaliteten i praksisopplæringa. Kan regjeringa likevel gjere meir for at alle studentar får praksisopplæring av god kvalitet,*

*både når det gjeld førebuingane til praksis og rettleiing og fagleg oppfølging av praksisen?*

- Sikre vilkår som gjer at arbeidsgjevarar kan utvikle tilsette sin rettleiarkompetanse
- Rammebetingelsar i praksisverksemdar, tid til å vera praksisrettleiar.
- Strukturar frå UH og arbeidslivet si side, med møtepunkt der samarbeid om utdanning er hovudføreemålet (finns i ulik grad)
- For eksempel nautisk utdanning – krav om praksisplassar i offentlege anbod

*24. Korleis kan utdanningane førebu studentane på eit yrkesliv der dei er forventa å samarbeide med andre profesjonar?*

- Tverrfagleg prosjekt innanfor helse- og sosialfag : TVEPS <https://www.uib.no/tveps>
- Rammeplanar og retningslinjer har ulikt detaljeringsnivå for dei ulike profesjonsutdanningane. Generelt må rammeplanane gi rom for tverrfagleg samarbeid og generisk kunnskap – enten ved å prioritere dette i rammeplanen, eller opne opp å gi handlingsrom for institusjonane. Rammeplanen for ingeniørutdanning sikrar samspelet mellom tema som teknologi, samfunn, etikk og miljø. Så ved å halde på denne rammeplanen kan ein sikre at det framleis er fokus på dette.

*25. Kva kan motivere til å ta imot fleire praksisstudentar og byggje ut samarbeidet om utdanning?*

- Rammebetingelsar for praksis-verksemdar, kan innanfor nokre profesjonsutdanningar vera tilskotsordningar
- Innan helse- og sosialprofesjonane er det nødvendig å sikre at dei kommunale helse- og omsorgstenestene får auka ansvar og finansiering knytt til å rettleie studentar i praksisstudiar. Studentar som får ekstra utgifter med bu- og reisekostnadar for å ta praksisstudiar i distrikta må få full kompensasjon – helst administrert gjennom lånekassa.

*26. Er strukturen på praksis og mengda med praksis innan lærarutdanningane rett eller bør praksisperiodane vere lengre og slik gi høve til eit djupare innblikk i livet på ein skule eller barnehage?*

Det er ein fordel med dei lengre praksisperiodane nettopp fordi studentane får vere lenge nok i ein praksiskontekst til mellom anna å få innblikk i kva det vil seie å vere lærar. Strukturen og føringane frå rammeplan og retningslinjer, både om omfang, progresjon og innhald, og eit system som i hovudsak handlar om at studentar skal ta 30 studiepoeng i semesteret, er hindringar for praksisperiodar som gir noko meir.

## **Mangfald**

27. Har de gjennomført tiltak for å auke mangfaldet i profesjonsutdanningane? Korleis har eventuelle tiltak verka?

- Sjukepleienorsk :  
<https://www.hvl.no/Vestibyen/organisasjonen/fakultet/fhs/Nyheiter/2021/mai/fleirspraklege-studentar-far-ekstra-oppfolging2/>
- HVL har prosjektleinga for det [nasjonale rekrutteringstiltaket](#) som skal rekruttere fleire menn til barnehagelærerutdanning, grunnskulelærerutdanning for dei yngste elevane og søkarar med innvandringsbakgrunn.
- Likestillingsstrategien for maritim næring som ble lansert 6. juni (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/likestillingsstrategi-for-maritim-naring/id2983205/>) legger opp til dialog med maritim utdanning
- Generelt : ulike tiltak for betre kjønnsbalanse, trekke fram rollemodellar av det underrepresenterte kjønn, merksemd i klasserommet, rekrutteringsmateriell som viser mangfold

Med helsing

Gunnar Yttri  
Rektor  
Høgskulen på Vestlandet

